

Ottar Egil Hopland
Trælandsvegen 33
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1711 - 20/60053

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.09.2020

Korrigert vedtak løyve til frådeling - gbnr 55/2 Bruvoll

Administrativt vedtak: **Saknr: 995/20**

Heimelshavar: Ottar Egil Hopland
Søkjar: Ottar Egil Hopland
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1043 m² frå gbnr. 55/2.

Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 21.09.2020, jf. pbl. § 29-4.
2. Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
3. Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast seinast samstundes med oppmålingsforretninga, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
4. Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast seinast samstundes med oppmålingsforretninga, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om egedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om egedomsregistrering jf. pbl § 21-9.


Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av grunneigedom ved frådeling av eksisterande bustad og omkringliggjande areal.

Det vart i vedtak datert 08.07.2020 gjeve dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom basert på søknad motteke 25.11.19 og supplert ved nytt kartgrunnlag 02.06.2020.

Ved kartforretning vart det avdekka avvik mellom storleik på tomt og lengde på grenseliner. Kart og oppmåling har i dialog med grunneigar foreslått følgjande tomt:



Avdeling plan og byggesak si vurdering av justert kartutsnitt er at slik frådeling vil vere innanfor dispensasjon gjeve 08.07.2020.

Vedtaket vert justert og nytt kartutsnitt og tomtestorleik vert lagt til grunn for oppretting av ny eigedom frå gbnr. 55/2.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1043 m² frå gbnr. 55/2.

Aktuelt regelverk

- Deling av eigedom er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
- Søknad om dispensasjon, jf. tbl § 19-1.
- Frist for sakshandsaming, jf.tbl. § 21-7 jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 7-2.
- Krav om nabovarsling, jf.tbl. § 21-3.
- Søknad om tilkoppling til offentleg vatn og avlaup, jf. , jf.tbl §§ 27-1 og 27-2.
- Tilkomst til offentleg veg via privat veg må vere sikra, jf.tbl. § 27-4.
- Deling må vere i samsvar med prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.
- Vilkåra for dispensasjon må vere oppfylt før kommunen kan gi dispensasjon, jf.tbl. § 19-2, men kommunen bør ikkje gi dispensasjon viss ei statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om søknaden.
- Kommunen kan sette vilkår for ein dispensasjon, jf.tbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

- Kommunen kan ikke opprette eigedomar som ikke er eigna til å bygge på, eller som er i strid med lov, forskrift, vedtekter eller plan, jf. pbl § 26-1.
- Delegert administrativt mynde føl av kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.
- Du kan klage på vedtaket etter lov om offentleg forvaltning (fvl) §§ 28-36.
- Vedtaket må klagast på før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.
- Frist for oppmåling er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Kommunen og du kan avtale lengre frist, men ikke lengre enn 2 år, jf. matrikkelova § 35.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Oppmåling

Saka vert oversend avdeling for kart og oppmåling. Sakshandsamingsfristen der er 16 uker. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvenrenten. Kommunen og rekvenrenten kan avtale lengre frist, men ikke lengre enn 2 år.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

55-2-Nytt situasjonskart

Kopi til:

Kjartan Medaas	Trælandsvegen 33	5956	HUNDVIN
Ottar Egil Hopland			

Mottakarar:

Ottar Egil Hopland	Trælandsvegen 33	5956	HUNDVIN
--------------------	------------------	------	---------